



Älvsbyhus Norge AS
Postboks 2008 Høyden
1520 MOSS

Referansar:
Dykkar:
Vår: 15/542 - 17/9717

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
02.08.2017

Byggesak gbnr 85/40 Vetås nordre - einebustad - søknad om ferdigattest for VA-anlegg - arkivert utan handsaming

Radøy kommune har motteke dykkar e-post av 01.08.17 vedlagt søknad om ferdigattest for VA-anlegget. Det er opplyst at Arna vann, varme og sanitær er ansvarleg søker for tiltaket.

Søknad om ferdigattest kan ikkje handamast og vert arkivert utan handsaming med følgjande grunngjeving:

- Så vidt kommunen kan sjå er VA-anlegget søkt om som del av eit-trinnsløyve for bustaden (arkivsak 15/542 – sak 076/2017). Det er ikkje høve til å søkje ferdigattest for del av tiltak i eit-trinnsløyve. VA-anlegget skal inngå som del av søknad om ferdigattest for einebustaden når heile tiltaket er ferdigstilt.
- Det er Älvsbyhus som er ansvarleg søker for heile tiltaket og som må signere og sende inn søknad om ferdigattest. Arna vann, varme og sanitær AS har kun ansvarsrett i rolla som PRO og UTF for sanitæranlegget i byggesaka.
- Søknad om ferdigattest er ikkje vedlagt obligatorisk gjennomføringsplan.

Avvik

Eit føretak som bare har ansvarsrett som PRO og UTF skal aldri fylle it søknad om ferdigattest. Føretaket skal fylle ut *blankett 5148 Samsvarserklæring* når føretaket sitt arbeid er ferdigstilt. Samsvarserklæringa skal sendast ansvarleg søker, og danne grunnlag for gjennomføringsplan og søknad om ferdigattest for heile tiltaket samla. Arna vann, varme og sanitær AS må registrere feilen som eit avvik i sitt styringssystem og treffe tiltak for å unngå gjenntaking.

Älvsbyhus som ansvarleg søker har medverka til feilen ovanfor bygningsstyresmakta og må registrere feilen som eit avvik i sitt styringssystem og treffe tiltak for å unngå gjenntaking.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alexander Johannessen Arna Vann Varme og Sanitær AS	Lonåsen 2	5267	ESPELAND
--	-----------	------	----------

Mottakarar:

Älvsbyhus Norge AS	Postboks 2008 Høyden	1520	MOSS
--------------------	----------------------	------	------